



Hareid idrettslag har 800 medlemmer innan gruppene fotball, friidrett, handball, trim, turn og badminton. Gruppene har egne styre, budsjett og rekneskap. Hovudlaget er «overordna» gruppene, har egne styre, budsjett, dagleg leiar, rekneskapsmedarbeidar og vaktmeister og syter for sponsoravtalar, klubbhus, fakturering og rekneskap for heile laget. Vår daglege leiar har fått eit engasjement i NFF ut 2020, og vi søker

Dagleg leiar – vikar – med moglegheit for fast tilsetjing.

Hovudoppgåvene og ansvaret til dagleg leiar er følgjande:

- Økonomi- og personalforvaltning
- Sal og oppfølging av sponsoravtalar
- Ta initiativ til og hjelpe gruppene med deira aktivitetar og tiltak, både i den daglege aktiviteten og til større arrangement, som cupar og idrettsskular
- Rekneskap; fakturering og handsaming av bilag for heile laget
- Vidareføre og utvikle samarbeid med NIF og særforbund, naboklubbar og Hareid kommune.
- Legge fram saker og vere sekretær for hovudstyret.

Vi søker ein kreativ, ryddig og initiativrik idrettsinteressert person med gode samarbeidsevner, og som har erfaring frå sal og marknadsarbeid og kjennskap til økonomi- og rekneskapshandtering. God muntleg og skriftleg kommunikasjonsevne er ein føresetnad. Lønn etter avtale.

Nærare informasjon får du frå styreleiar Vegard Gjerde, tlf 905 36 141 eller leiar@hareidil.no

Søknadsfrist: 12.oktober